# KS Møre og Romsdal: Samling for kommunar i samanslåingsprosess - 14. og 15. mars 2017



## PROGRAM

**Tirsdag 14. mars**

| | |
|---|---|
| 09.30 | Registrering. Kaffe og rundstykke |
| 10.00 | **Velkomen til samlinga**<br>v/ Lodve Solholm, fylkesmann |
| 10.10 | **Arbeidsgjevarpolitikk ved etablering av nye kommunar**<br>v/ Geir Johan Hansen, seniorrådgjevar KS Konsulent<br>• Innleiingssekvens om folkevalde sitt arbeidsgjevaransvar<br>• Forhold som må takast omsyn til i samanslåingsprosessar<br>• Korleis skal ein arbeide på sikt med arbeidsgjevarpolitikk og strategiar for ny kommune?<br>Kommunevise diskusjonar og plenumsgjennomgang. |
| 12.15 | Lunsj |
| 13.15 | **Erfaringar frå ein ordførar – kva er viktig for fellesnemnda**<br>v/ tidlegare ordførar Erlend Larsen, Stokke kommune<br>**Praktisk førebuingar – organisering og merksemdspunkt**<br>v/ prosjektkoordinator Tina Skarheim, SAS-kommunane<br>Refleksjon i grupper og plenum – kva tar vi med oss av læring frå desse innlegga? |
| 15.15 | Pause |
| 15.30 | **Inndelingslova**<br>• Direkte verknader ved samanslåing og andre grenseendringar<br>• Fellesnemnda si funksjon og fullmakter<br>v/ seniorrådgivar Frida Farstad Brevik, Fylkesmannen i Møre og Romsdal<br>Spørsmål og avklaringar |
| 16.25 | **Kommuneøkonomi**<br>• Økonomiske avklaringar<br>• Skjønnsmidlar<br>v/ seniorrådgivar Sissel Hol, Fylkesmannen i Møre og Romsdal<br>Spørsmål og avklaringar |
| 16.50 | **Oppsummering av dagen** |
| 17.00 | Slutt fagleg program |

**Onsdag 15. mars**

| | |
|---|---|
| 08.30 | **Kartverkets erfaring med sammenslåingen av kommunene Sandefjord, Andebu og Stokke**<br>v/ fylkeskartsjef Geir Mjøen, Kartkontoret Skien<br>**Kva er ein matrikkel**<br>• Kvifor data er lagra<br>• Kvalitet på data i matrikkel, før og etter matrikkelloven<br>• Status i Møre og Romsdal<br>v/ senioringeniør Wenche Mork, Kartverket Molde<br>Refleksjon i grupper og plenum – kva tar vi med oss av læring frå desse innlegga? |
| 10.00 | Pause |
| 10.15 | **Kommunal planstrategi som verktøy for kommunal planlegging**<br>• Grunnlag for langsiktig, tverrsektoriell og meir behovsstyrt planlegging<br>• Verktøy for politisk prioritering av planoppgåver<br>v/ samordnar Sveinung Dimmen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal<br>Spørsmål og avklaringar |
| 11.15 | **Kva har vi totalt sett lært i denne samlinga for arbeidet vi står framfor?**<br>Kommunevise diskusjonar og oppsummering |
| 11.50 | **Avrunding av samlinga**<br>v/ Geir Johan Hansen og ein ordførar |
| 12.00 | Lunsj og vel heim |

## Innleiarane:

**Geir Johan Hansen** er seniorrådgjevar i KS-Konsulent AS og er ein del av KS konsulent sitt team som arbeider med kommunereforma. Geir Johan har solid erfaring som prosessrettleiar og har erfaring frå oppdrag i heile kommunesektoren, mellom anna med arbeidsgjevarutvikling i samanslåings-prosessen i tidlegare Mosvik og Inderøy kommunar, og med leiarutviklingsprogram etter samanslåinga av Kristiansund og Frei kommunar. Geir Johan arbeider med tenesteutvikling og innovasjon hovudsakeleg innan helse og velferd, og har gjennomført et stort tal oppdrag innan leiing og organisasjonsutvikling.

**Erlend Larsen** har vore ordførar i Stokke kommune i fem år, og har hatt ein sentral rolle i samband med etableringa av nye Sandefjord kommune.

**Geir Mjøen** er fylkeskartsjef med ansvaret for fylka Telemark og Vestfold. Geir har Master i offentlig administrasjon og leiing frå Handelshøgskulen i København i tillegg til militær utdanning frå Sjøforsvaret/Sjøkrigsskolen. Kartverket har delteke i samanslåinga av kommunane Sandefjord, Andebu og Stokke tett for å sanke erfaringar som kan kome andre kommunar til gode når dei skal i gang med samanslåingsprosessar.

**Tina Skarheim** har arbeidet i 2016 som prosjektkoordinator og støtte for prosjektleiar for samanslåing av Sandefjord, Andebu og Stokke kommunar. Tilsett som spesialrådgivar i KS frå 2008, blant anna prosjektansvarleg for «rådmannen sin internkontroll». Femten års erfaring frå ulike kommunar, blant anna som økonomisjef og prosjektleiar for nye løysingar.

**Wenche Mork** er senioringeniør/nestleiar for Kartverket Molde og matrikkelansvarleg i Møre og Romsdal.

**Frida Farstad Brevik** er seniorrådgivar hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, er jurist og har inndelingslova som eit av sine ansvarsområde.

**Sissel Hol** er seniorrådgivar hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og har ansvarsområde kommuneøkonomi, skjønnmidlar og ROBEK

**Sveinung Dimmen** er samordnar/seniorrådgivar hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal med arbeidsoppgåver knytt til plansamordning og andre typar samordnings-, utgreiings- og rapporteringsoppgåver i embetet. Sveinung Dimmen er samfunnsgeograf cand.polit. frå NTNU og har arbeidd hos Fylkesmannen frå 2011. Han har tidlegare lang fartstid frå forsking og undervisningsarbeid ved Møreforsking og Høgskulen i Volda.